



Protokoll frå styremøte i NGIR

Tid: 03.02.16, kl 09.00 – 09.45

Stad: Telefonmøte

Frå styret møtte:

Helge Fjellanger (leiar), Ottar Skjelvik (nestleiar), Kari Torkildsen Utkilen, Kristin Handeland, Vigdis Søvik, Martin Soltveit (1. vara)

Frå administrasjonen møtte:

Erlend Kleivleand (dagleg leiar)

Frå styret møtte ikkje:

Frå representantskapet møtte ikkje:

Sveinung Kråkås

Sakliste:

Sak 01/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Sak 02/16 Meldingar

a. Diverse munnleg orientering

Sak 03/16 Kompostering av slam

Sak 01/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjent.

Sak 02/16 Meldingar

a) Diverse munnleg orientering

1) Møter med andre avfallsaktørar

NGIR skal ha møter med 2 andre avfallsaktørar for mogleg meir samarbeid. Dette kan føra til at NGIR får auka avfallsmengder. Slik marknaden/konjunkturane er no, har mengdene næringsavfall gått ein del ned.

2) Ny avtale om forbrenning av restavfall

Avtalen om forbrenning av avfall går ut 31.03.2016. NGIR har arrangert ny konkurranse og fekk 3 tilbud. Det var REKOM som gav det beste tilbudet og tilbudet baserer seg på transport av avfall på tog til Sverige. Prisen auka mellom 15 og 20 % (avhengig av kor mykje avfall ein får med per lass) i forhold til dagens pris.

3) Anbud transport med komprimatorbil

Avtalen NGIR har i dag går ut 31.12.2016 og NGIR jobbar med nytt transportanbud. Ny konkurranse vert lyst ut i mars.

4) Villfyllingar m.m.

Naturvernforbundet i Nordhordland har invitert NGIR til å orientera om kva NGIR kan bidra med i samband med strandrydding og kartlegging og opprydding av villfyllingar.

5) Reguleringsplan Kjevikdalen

NGIR har invitert grunneigarar som vert berørt av reguleringsplanen for Kjevikdalen for å drøfta kjøp av regulert område.

6) Store køyreyt på gjenvinningsstasjonane

Styret gjorde i desember vedtak i samband med risikovurderinga av gjenvinningsstasjonane der tilrådinga frå dagleg leiar var å stenga gjenvinningsstasjonane for store køyreyt: *Styret er samd i dagleg leiar sitt framlegg til vedtak, men utset gjennomføring av det til administrasjonen har greidd ut alternativet med prøveordning for levering av ordinært næringsavfall på gjenvinningsstasjonane.*

Dagleg leiar vil gjennomføra ei spørjeundersøking mellom næringskundar for å finna svar på ein del sentrale spørsmål før ein set i gong eit slikt prøveprosjekt. Grunna risikoen med større køyreyt er det ynskjeleg å gjennomføra sikringstiltak før ei slik utgreiing er ferdig. Styret hadde ikkje motførestillingar mot det og gjenvinningsstasjonane vert difor stengt for store køyreyt (lastebilar og traktorar) så snart ein greier å informera tilstrekkeleg om det, truleg rundt påske.

Sak 03/16 Kompostering av slam

I samband med innhenting av anbud på transport/innsamling av slam frå 01.01.2016, vart det bede om opsjonsprisar på kompostering av slam. Johny Birkeland Transport AS fekk kontrakten med innsamling av slam.

Kostnaden med planlagt investering og drift av eigen kompostering er rekna som høgare enn ved å akseptera tilbudet som ligg føre frå Johny Birkeland Transport AS. Det vert difor tilrådd å ikkje gjera eigne investeringar som planlagt, men inngå avtale med Johny Birkeland Transport AS om kompostering av slam.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

NGIR inngår avtale med Johny Birkeland Transport AS om kompostering av slam frå NGIR-kommunane. Avtalen gjeld så lenge dagens kontrakt på innsamling av slam gjeld.

Investeringar som var tiltenkt oppgradering av slamkomposteringa i Kjevikdalen fell som følgje av dette bort.

Vedtak i styret 03.02.16:

NGIR inngår avtale med Johny Birkeland Transport AS om kompostering av slam frå NGIR-kommunane. Avtalen gjeld så lenge dagens kontrakt på innsamling av slam gjeld.

Investeringar som var tiltenkt oppgradering av slamkomposteringa i Kjevikdalen fell som følgje av dette bort.

Kjevikdalen 03.02.2016

Helge Fjellanger
-styreleiar-

Ottar Skjelvik
-styremedlem-

Vigdis Sjøvik
-styremedlem-

Kari Torkildsen Utkilen
-styremedlem-

Kristin Handeland
-styremedlem-